



Astrid Døssland brukar fritida si til å stå på stand med informasjon om kvifor ein bør sei nei til vindkraft i fjella rundt Uskedalen. Konstanse Tveit og Audun Eik tek mot flygeblad og vil setja seg godt inn i saka.

Astrid Døssland er klar i uttalen sin om at langt fleire i Uskedalen bør engasjere seg i NVE sine planar om vindkraft i fjella rundt Uskedalen. Astrid saman med Annemor Ekeland brukte dagen til å stå på stand med informasjon om kor omfattande og negativt det vert om NVE når fram med sine planar.

Fjella i Uskedalen, Husnes og Utåker er eit av fire område i Kvinnherad som er med i Nasjonal ramme for vindkraft på land. I Uskedalen gjeld det Solfjell, Mannsvatn, Manen, Ulvanoso og Englafjell.

Astrid Døssland hadde i utgangspunktet ikkje sterke meiningar i denne saka, like til ho las seg opp og fekk eit innsyn i omfanget og alle dei negative faktorane i eit lokalsamfunn som Uskedalen. Ei evt. utbygging vil vera synleg og merkbar i store deler av kommunen. Vindmøller av ein storleik på 250 meter med vegkrav, oppstillingsplass og støy vil ha negativ innverknad på kvar einskild, på lokalmiljøet og på dyr- og fugleliv.

Astrid Døssland er ikkje med i sjølve aksjonsgruppa, men ho vil i tida framover vera aktiv på nettsider og i debatten.

PS: Uskedal.no skal dekkja denne saka objektivt med informasjon ut frå ein samfunnssnyttig ståstad. Redaksjonen legg ikkje ut lesarinnlegg, men lagar redaksjonelle innlegg ut kva som er aktuelt og med relasjon til Uskedalen. Dette innlegget handlar om Astrid Døssland som ein ivrig motstandar av vindkraft på land i Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal